

Ein spesiell julekveld.



Borddekkinga og pyntinga elles understreka julestemninga.

I god tid før jul gjekk Elin Enes og familien som kjent ut med eit flott tilbod til personar som ikkje hadde nokon å feira julekvelden saman med. Dessverre vart responsen mindre enn det som truleg er behovet. Vi spurde Elin om ho kunne skrive litt om julekvelden på nettsida. Positiv som ho alltid er, sende ho det som de kan lesa nedanfor.

Heilt sidan nokre dagar før Jul i fjor har eg gått med tankar om at alle burde ha ei fin Jul. Eg veit det er mange som sit åleine i Jula, og for dei som har mista nokon ein har kjær, så blir gjerne saknet forsterka i ei slik tid. Det Kjøkkaste eg veit er å laga til selskap og fest, så for meg ville det ikkje vera vanskeleg å laga ei fin feiring for mange. Familien synes det var ein god ide og lova å hjelpa til.

Då eg lanserte tilbodet var eg sikker på at det skulle komma mange som hadde lyst på selskap denne dagen. Me har fått mange positive tilbakemeldingar frå nær og fjern, og det var veldig rørende. Påmeldingar var det mindre av, og to dagar før Julafta var det berre to påmeldte gjester. Etter eit fråfall på sjølve dagen, sto me igjen med ein gjest. Likevel vart dette ei uforgløyemelig julafta.

På besøk kom ei trivelig dama heima i ståvo. Me hadde dekkja bordet til fest og heile huset lukta av pinnakjøt. Til dessert hadde me riskrem og heldigvis var det vår koselige gjest som fann mandelen. Nissen kom på besøk og gjesten vår fekk i tillegg ei flott gåve frå ei snill dama frå Rosendal som så gjerne ville bidra.

Etterpå hadde jentene våre ein liten konsert. Anine spelte gitar og Linnea song bjelleklang og julekveldsvisa.



Linnea song Bjelleklang og Julekveldsvisa medan storesøster Anine spela gitar til.

Det vart ein fin kveld med god julastemming. Håpar alle i nær og fjern hadde ein flott julakveld og ynskjer alle ei fortsatt god julafeiring. Ta vare på kvarandre, og har du ein nabo eller nokon som sit åleine, så inviter dei gjerne inn på kaffi. Det kan bety meir enn du trur.

Stor julahelsing frå Elin med familie.



Både juletre og elles vart det m.a. pynta med pynt Elin har arva etter bestemora. Nydeleg!

Tekst og foto: Elin Enes
Nett: Thor Inge Døssland.